

## **Høyringsuttale til utviding av oppdrettsanlegget ved Mundal i Osterfjorden referanse 18/2444 – 18/28705**

Vi viser til søknad frå Eide Fjordbruk og EWOS Innovation AS om utviding av kapasiteten i forhold til noverande oppdrettsanlegg.

Her vert det søkt om ei dobling av kapasiteten i tonn, men utifrå framstillinga i høyringsnotatet og den enkle skissa, kan det sjå ut som at arealet det vert søkt om vert meir enn ei dobling av "fotavtrykket" i forhold til noverande anlegg. Utvidinga det vert søkt om, med auka mengd mærer i tillegg til førstasjon, ser meir ut til å resultere i ei tredobling.

Det kjem også betydeleg meir fortøyingswire, fleire markeringsbøyer og andre "framandelement" i fjorden.

Allereie ved noverande storleik, er det negative miljørider ved anlegget. Det gjeld særleg feittbelegg som ligg som ei hinne på sjøen. Det er også ei auka algevekst, og endring av vegetasjon i sjøen. Dette kan det sjå ut som er ei følgje av foringa i noverande anlegg. Det er også rapportert fisk med betydelege mengder oppdrettsfôr i magen, og fisk med vassent fiskekjøtt.

Når det gjeld miljøaspektet, er det ikkje berre den tradisjonelle forureininga i sjøen som tel. Det gjeld også ubehageleg lyssetjing og støy frå anlegga. Dette har vi erfart både frå oppdrettsanlegget på Tepstad (Osterøy), rett over fjorden, men også frå det eksisterande oppdrettsanlegget ved Mundal.

Ei auke av anlegget sin kapasitet vil også forringe badeplassen/naustomådet vårt i Mundalstø. Dette er ein badeplass som blir brukt som rekreasjonsområde for bygda og bygdene rundt, med tanke på bading, vatnsportaktivitetar, fising m.m.

Teikninga viser eit "flettverk" av fortøyningswire for anlegget, og dette flettverket vil gjere det umogleg å drive med garn-, teine- og linefiske. Anlegget ligg også midt i trekkruta for villaksen inn Osterfjorden, som går langs denne sida av fjorden. Gamle rettar til not-fiske etter laks bekreftar dette.

Basert på dette, er vår vurdering at hensynet til miljøet, å hindre auka forureining, og å ivareta området for fiske, bading og rekreasjon bør vege tyngre enn hensynet til auka oppdrettskapasitet.

Det er derfor vår vurdering, og også svært viktig for oss at denne søknaden vert avslått.

Vi vil også kreve at sakspapira for vedtak i saka skal innehalde ei konsekvens-  
utreiing der særleg desse momenta vert gjort greie for:

- endringa i vegetasjonen, slik som auka algevekst
- mogleg endring av kvaliteten på villaksen
- auken av feittinnhald (ojlehinne) på overflatevatnet

Viser også til Akvalovens §10 som handlar om forsvarleg etablering og drift.  
Utifrå paragrafen sitt andre ledd, kan det i enkeltvedtak stillast krav til  
førebyggjande tiltak.

Med tanke på dei negative forhold vi tidlegare har nevnt, er det mest sannsynleg  
IKKJE stilt slike krav til eksisterande anlegg, og etter vårt syn er dette endå ein  
bekreftelse på at ein IKKJE bør tillate denne utvidelsen.

Generellt i reguleringsprossessar, er det vanleg at det vert krevd erstatnings-  
areal for tap av rekreasjonsområde. Det er sjølvsagt ikkje mogleg her. Arealet kan  
ikkje erstattast ved annan tilretteleggjing, og vi står i fare for å miste eit elska og  
mykje brukt rekreasjonsområde.

Alternativet her er at søknaden vert avslått, eller at tiltaket vert plassert ein stad  
der det vil vere til mindre sjenanse.

Vi er også gjort kjend med at det er kome nytt regelverk knytta til avstanden  
mellom oppdrettsanlegg. I følge Mattilsynet er det sett krav til at avstanden  
mellom anlegga skal vere minst 3-5 km. Det vil då bli for kort avstand mellom  
dette omsøkte fiskeoppdrettet og anlegget som er i drift tvers over fjorden, på  
Tepstad, Osterøy.

Vi går utifrå at det vert lagt like stor vekt på desse reglane når det gjeld ei så  
vesentleg auke i storleik og kapasitet, som om det skulle etablerast eit nytt  
anlegg.

**Om det framleis skulle vere uklart, så ber vi altså om at søknaden om auke  
av kapasiteten på noverande anlegg ved Mundal vert avslått!**

Med venleg helsing

Grunneigarar Gnr194/Bnr2  
Helga og Lars Kåre Eikrem  
Mob 41648493/99788585